

# **Norsk språkvitskap på 1800-talet**

Ivar Berg  
Institutt for språk og litteratur, NTNU

August 2023

Første utkast, 6. september 2022.  
Andre utkast, 31. august 2023.

Forfattere er takksam for rettingar og forslag til forbetringar.

Teksten er skriven for undervisinga i SPRÅK3002 (nordisk) ved ISL, NTNU.  
©Ivar Berg. All gjenbruk eller vidare distribusjon utan avtale med forfattere er  
forbode.

Skrive i  $\LaTeX$  med 12pt Linux Libertine.

# Innhald

<b>1 Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1 Norsk språkvitskap og språkvitskap i Noreg . . . . .	2
1.2 Vitskapsteoretisk og faghistorisk preludium . . . . .	2
1.2.1 Vitskaplege paradigme . . . . .	3
1.2.2 Paradigme i språkvitskapen . . . . .	4
1.3 Filologi som fagtradisjon . . . . .	5
1.3.1 Filologihistorie i stikkordsform . . . . .	5
1.3.2 Filologisk praksis . . . . .	6
<b>2 Stoda tidleg på 1800-talet</b>	<b>9</b>
2.1 Dansk-norsk språkforskning i dansketida . . . . .	9
2.1.1 Dansk grammatikktradisjon . . . . .	9
2.1.2 Ordboksarbeid i Danmark-Noreg . . . . .	10
2.1.3 Norsk språkforskning i dansketida . . . . .	10
2.2 Språkvitskapen rundt 1800 . . . . .	11
2.3 Komparativ filologi . . . . .	12
2.3.1 Ein historisk vitskap . . . . .	12
2.3.2 Historisk-komparativ metode . . . . .	13
2.4 Språkvitskap i Noreg . . . . .	14
<b>3 Norrøn filologi</b>	<b>17</b>
3.1 Norrønt på universitetet . . . . .	17
3.2 Språkvitskapleg forskning . . . . .	18
3.3 Norrøn filologi etter 1850 . . . . .	19
<b>4 Dialektologien veks fram</b>	<b>21</b>
4.1 Ivar Aasen . . . . .	21
4.2 Vidare utvikling . . . . .	22

<b>5 Junggrammatikk</b>	<b>25</b>
5.1 Junggrammatikken . . . . .	25
5.1.1 Meir om lydlover . . . . .	27
5.1.2 Meir om analogi . . . . .	28
5.1.3 Kva var egentleg nytt? . . . . .	29
5.2 Norrøn filologi og grammatikk . . . . .	29
5.3 Dialektologi . . . . .	30
<b>6 Stoda rundt 1900</b>	<b>33</b>
6.1 Filologien og dialektologien . . . . .	33
6.1.1 Ålmann lingvistikk . . . . .	33
6.1.2 Dialektologi og namnegransking . . . . .	34
6.1.3 Norrøn filologi . . . . .	35
6.2 Morsmålsfaget på universitetet og i skulen . . . . .	35
6.2.1 Universitetet . . . . .	35
6.2.2 Skulen . . . . .	36
6.3 Utgang . . . . .	37
<b>Litteraturliste</b>	<b>39</b>

# Kapittel 1

## Innleiing

Dette er meint som eit oversyn over norsk språkvitskap på 1800-talet. Målet er å vise nokre tendensar i utviklinga av språkvitskapen i Noreg, og korleis den ålmenne utviklinga av språkvitskapen dannar bakgrunnen for dette. Her legg eg vekt på korleis språkvitskapen voks fram av, og delvis var ei spesialisering innanfor, **filologi** – i seg sjølv eit fag med lang historie.

Heilt overordna var språkvitskapen på 1800-talet i stor grad historisk orientert, og dette ser me også i Noreg. Det gjeld den historisk-komparative språkvitskapen med vekt på eldre indoeuropeiske språk generelt, og i norsk samanheng vektlegginga av norrønt og (mot slutten av hundreåret) korleis dei norske dialektane hadde utvikla seg frå gamalnorsk. Denne framstillinga går fram til rundt 1900, da junggrammatikken var etablert som det rådande språkvitskaplege paradigmet, kombinert med filologiens historiske perspektiv. Eg tek likevel med nokre merknader om kva følgjer denne historia har fått også etter 1900.

Noko som gjeld for vitskapshistoria på 1800-talet heilt ålment, er korleis vitskapen i sterkare grad vart institusjonalisert. Universiteta vart viktigare og meir utbygde, med plass til både naturvitskap og humaniora i tillegg til meir profesjonsretta juss, teologi og medisin (spesialiserte samfunnsvitskapar er nyare). Dette er viktig fordi statstilsette professorar som forska på og underviste i språk, gjorde det lettare å spreie tankar til studentar og la til rette for skuleretningar eller teoretiske tradisjonar. Derfor er det lagt vekt nettopp på korleis språkvitskapen vart ein del av universitetet, samstundes som den første utforskinga av dialektane skjedde utanfor universitetssystemet.

I første kapitlet skal me sjå på nokre prinsipielle ting som kva *nordisk språkvitskap* kan vera, og leggje eit vitskapsteoretisk grunnlag for den følgjande diskusjonen, før me ser på korleis språkvitskapen voks fram av den eldre filologien. Dei neste kapitla er så nokolunde kronologisk ordna. Tematisk samanheng i teksten gjev likevel nokre brot i kronologien, og det speglar det faktum at alle språkforskarar ikkje byrja med noko nytt samstundes, men at ulike fagtradisjonar etter

kvart levde jamsides.

## 1.1 Norsk språkvitskap og språkvitskap i Noreg

Me kallar gjerne faget vårt ‘norsk/nordisk språkvitskap’.<sup>1</sup> Dette kan prinsipielt tolkast på to ulike måtar:

1. Språkvitskap i Noreg
2. Språkvitskap som diskuterer norsk/nordiske språk

Ein norsk språkforskar kan naturlegvis arbeide med andre språk enn norsk, og forskarar i andre land gjev og har gjeve viktige bidrag til utforskinga av norsk språk (særleg eldre språk, norrønt og runer er internasjonale forskingsfelt). Likevel må me i Noreg ha eit særleg ansvar for å undersøkje norsk, og dessutan bidra i den internasjonale teoretiske diskusjonen med norske data (jf. Enger 2011: 28).

Nedanfor vil eg prøve å sjå utforskinga av norsk i samanheng med utviklinga av språkvitskapen ålment. Sjølv om gransking av andre språk enn dei nordiske ikkje blir tema spesielt, er språkvitskapen i Noreg på 1800-talet eit nokså oversiktleg felt. For dei fleste norske språkforskarar fall 1) og 2) ovanfor saman; dei arbeidde også med norsk, jamvel om somme hadde andre hovudinteresser og sat i stillingar i andre fag. Etter kvart som språkvitskapen utvikla seg, vart folk meir spesialiserte; slik er vitskapshistoria også ei historie om fagleg fragmentering, der ulike deldisiplinar til slutt kan ha relativt lite felles. Men det høyrer i hovudsak 1900-talet til.

## 1.2 Vitskapsteoretisk og faghistorisk prelude

Dette er først og fremst faghistorie, ikkje vitskapsteori, men dei to heng saman. Når me skal prøve å sjå kva som kjenneteiknar språkvitskapen i ulike periodar, og kva grunnleggjande teoriar som har vore gjeldande for språkforsking, kjem me inn på nokre vitskapsteoretiske spørsmål. Og da kan det vera verdt å freiste å gje ein definisjon av ‘vitskapleg teori’. Her er eit par nokså generelle forsøk frå forskarar på vårt felt:

- «et sett med antakelser om hvordan ting henger sammen» (Enger 2011: 29)
- «a statement of general laws or principles [that] have explanatory power» (Barnes 2013: 11)

---

<sup>1</sup>Eg gjer ikkje noko poeng ut av ‘norsk’ og ‘nordisk’ her. I historiske disiplinar, som er mest aktuelle på 1800-talet, har det vore meir jamføring med andre nordiske språk enn i nyare tid.

Dette er jo relativt rundt i kantane, men det sentrale poenget er at ein teori på eit eller anna vis prøver å forklare korleis ting heng i hop. Ein teori byggjer på «et sett med antakelser», altså kan han brytast opp i mindre delar. Teorien er generelle prinsipp som har forklaringskraft, og da bør dei helst kunne forklare meir enn éin ting.<sup>2</sup> Forklaringar som berre gjeld eitt fenomen, omtalar me nedsetjande som *ad hoc*-forklaringar (*ad hoc* ‘til dette’ er latin); dei har låg status i vitskapen og er noko me berre motviljug tyr til etter at alt anna er prøvd.

Ein kan snakke om meir eller mindre generelle teoriar. Frå eit sett grunnleggjande premissar kan ein byggje meir og meir generelle «lover eller prinsipp» (jf. Barnes ovanfor) som vonleg kan bidra til å forstå og forklare fleire språklege fenomen. Me skal sjå på eit par døme på omgrep som kan bli kalla ‘teoriar’:

**Fonem** har vore eit sentralt teoretisk konsept i språkvitskapen i snart hundre år. Eit fonem er definert som *tydingsskiljande lyd*. Dermed er ikkje rulle-*r* og skarre-*r* ulike fonem i norsk, for dei skil aldri mellom ord med ulik tyding – /fɑ:r/ ‘far’ tyder det same for alle nordmenn uansett om det blir uttala med [r], [r̥], [ʁ], [ʁ̥] eller [ɹ]. (Ulike *r*-lydar kan ha sosiolingvistisk tyding ved å markere kvar du kjem i frå eller kven du høyrer til, geografisk eller sosialt, men det er ei anna historie.)

**Generativ grammatikk** kan somtid omtalast som ein teori, men da på eit mykje meir overordna plan. Viktige grunntrekk i teorien vil vera at språk først og fremst er ein psykologisk realitet (det eksisterer i hovudet til språkbrukarane) som kan modellerast hierarkisk, og at alle menneske har ei sams evne til å lære seg språk (ein *universalgrammatikk*), men dette er langt frå så konkret som fonemet.

Poenget med dette dømet er å vise at at ulike forfattarar kan bruke *teori* nokså ulikt, og dét er det viktig å vera klar over. Meir overordna teoriar som generativ grammatikk kan òg omtalast som vitskaplege **paradigme**.

### 1.2.1 Vitskaplege paradigme

*Nynorskordboka* gjev denne definisjonen på paradigme (i filosofi og vitskap): «tenkjemåte, problemløysing nytta som føredøme for løysing av liknande problem i same vitskap, og som dermed skaper ein vitskapstradisjon». Det dreier seg, enkelt sagt, om kva ein reknar for å vera vitskapleg, og korleis vitskap skal drivast. Synet på dette har skifta mykje gjennom åra.

---

<sup>2</sup>Men kva det eigentleg vil seie å ‘forklare’ noko, kan det skrivast tjukke bøker om. Og det er for så vidt gjort også.

I vitenskapsteorien er paradigmeomgrepet særleg knytt til Thomas Kuhn (2002 [1962]), som brukar det i samband med det han kallar **paradigmeskifte** – når eitt vitenskapleg paradigme blir avløyst av eit anna. Kuhn legg vekt på paradigmet som døme på problemløysing: Det definerer kva problem som er aktuelle eller relevante, og korleis dei skal løysast. Dette blir det han kallar «normalvitenskap» (rett og slett 'normal måte å drive vitenskapleg arbeid på') innanfor det gjeldande paradigmet.

Innimellom skjer det vitenskaplege «revolusjonar» eller paradigmeskifte der synet på kva som er rett vitenskap, endrar seg. Det kan opne for nye spørsmål som ikkje var interessante eller moglege innanfor det tidlegare paradigmet, eller nye metodar for å løyse gamle problem. Da endrar normalvitenskapen seg, og eit nytt vitenskapleg paradigme veks fram.

### 1.2.2 Paradigme i språkvitenskapen

I alle moderne framstillingar av historia til språkvitenskapen<sup>3</sup> vil ein møte nokre vitenskaplege revolusjonar eller paradigmeskifte. Først kan me snakke om ein *før-vitenskapleg* periode, før det fanst noko me i dag vil kjenne att som språkvitenskap slik me forstår ordet, og i hovudsak med resultat som er avviste av seinare forskning.

I mellomalderen og tidleg nytid tok ein utgangspunkt i Bibelen og saga om korleis Gud gjorde det opphavlege språket til mange forskjellige, slik det er fortalt i saga om Babels tårn (1 Mos 11,1–9). Det reknar me ikkje lenger for ei vitenskapleg forklaring. Språkvitenskap var i denne tida anten språkopplæring (oftast knytt til latin, men etter kvart også ulike moderne språk) eller ein del av filosofien. Somme funderte på kva som var det opphavlege språket, før Babels forvirring, og lanserte ulike forslag som hebraisk (mest populært), eller meir originalt svensk eller flamsk (Turner 2014: 56).

Rundt 1800 voks det fram noko som liknar meir på det me forstår som språkvitenskap, og deretter kan ein, slik mange framstillingar gjer (t.d. Robins 1997, særleg tydeleg s. 222–224), setje opp fire ulike periodar eller dominerande paradigme, somtid med veldig eksakte tidfestingar:

1. Komparativ filologi (1786–1870-åra)
2. Junggrammatikk (1870-åra—ca. 1920)
3. Strukturalisme (1916–??)
4. Generativ grammatikk (1957–??) og sosiolingvistikk (1960-åra–??)

Sidan 1800-talet er emnet her, kjem me ikkje så mykje borti dei siste periodane, men eg vil uansett koma med nokre åtvaringar mot slike ryddige og pedagogiske

<sup>3</sup>Favorittane mine er Robins (1997) for ein kortversjon av heile saga og Morpurgo Davies (1998) for 1800-talet (den siste er band 4 av eit fembandsverk som dekkjer heile historia).



lister med tydelege årstal.

For det første er det ikkje all språkvitskap som høver like godt i desse boksane. Det har funnest andre straumdrag i historia, språkforskning som har skilt seg ut frå det som har vore oppfatta som normalvitskap til ulike tider. Slike sidespor kan også vera viktige, og dei kan på eit seinare tidspunkt bli hovudspor.

For det andre er det slik at sigerherrane skriv historia, også vitskapshistoria. Nokre verk og forskarar har vorte kanoniserte i ettertid, medan mange andre er gløymde. Dei som skriv historia, vil trekkje fram forskarar som har bidrege til det dei ser på som den beste språkvitskapen, medan andre (sidespora) blir gløymde.

Og det fører til det tredje punktet: Ein snakkar gjerne om vitskapleg revolusjon, men ser ein nærare på dei, framstår dei vel så ofte som naturleg evolusjon, vidareutvikling av noko av det som var før. Ein ny generasjon forskarar vil gjerne framstille seg som den ny vin og gjera skilnaden mellom sitt eige prosjekt og føregjengarane tydelegare enn det i røynda er. Somme gonger blir dette brotet forsterka i seinare historieskriving (til dømes vil somme meine at skiljet mellom strukturalisme og generativ grammatikk har vorte overdrive), andre gonger blir det meir nyansert og dermed uklårt om det eigentleg var eit så klårt skilje (den junggrammatiske revolusjonen er eit døme på det, sjå kapittel 5).

## 1.3 Filologi som fagtradisjon

Idéhistorikaren James Turner (2014) ser utviklinga av moderne «humanities» (der han reknar med samfunnsfag) som ei historie om fagleg spesialisering med utgangspunkt i **filologi**. Filologi har ein lang tradisjon som ein brei kulturvitskap som studerer eldre tekstar. Eg, og dermed framstillinga nedanfor, sluttar meg heilt til dette synet.

### 1.3.1 Filologihistorie i stikkordsform

Mange historier byrjar med «allereie dei gamle grekarane ...». Også filologi, både ordet og praksisen, kan førast attende til Hellas i antikken. Eit utgangspunkt var arbeidet med å pusle saman dei eposa me i dag tilskriv diktaren Homer, frå ein variert skriftleg tradisjon på fleire hundre år etter ulike nedskrivningar frå munnleg tradisjon. I dette arbeidet var biblioteket i Aleksandria sentralt, den største samlinga av handskrifter i antikken; der vart «standardutgåver» (med ei moderne nemning) av dei homeriske eposa til, og filologien som tekststudium vart til i same slengen. Seinare gav arbeidet med *Det nye testamentet* liknande utfordringar, der ulike tekstar og versjonar av desse tekstane skulle samlast til éin kanonisert versjon av Skrifta. Frå starten dreidde filologi seg om å etablere ein opphavleg tekst basert på ulike fysiske overleveringar (handskrifter som alltid

er litt ulike), og kommentarar til innhaldet, realt (historiske omstende som må forklarast for at ein lesar skal forstå innhaldet) eller språkleg.

Det går ei tydeleg line frå denne tradisjonen til arbeidet med tekstar på dei klassiske språka gresk og latin. I dag kjenner me dette som **klassisk filologi**. Mange tekstar frå antikken vart gløymd, men òg gøymde i ulike klosterbibliotek, og gjenoppdaga i renessansen ('atterfødinga'), særleg i Italia i tida 1300–1500. Lærde filologar studerte gamle handskrifter, jamførte dei og gav ut meisterverk av klassiske forfattarar.

I det Peter Burke (1998: kap. 4) kallar seinrenessansen (ca. 1530–1630), vart perspektivet utvida frå eit litt einseitig fokus på den romerske antikken til å inkludere mellomalderen (jf. Berg 2016a: 25–26). Romarriket og latinsk litteratur var ei nasjonal sak for italienske lærde i renessansen, og som ei tilpassing kunne lærde i andre land vende seg til historia til sitt eige land og det som fanst av eldre nasjonal litteratur. Med nokre spreidde forløparar ser me auka merksemd om ymis mellomalderlitteratur i Nord-Europa særleg frå siste halvta av 1500-talet (Burke 1998: 97, 127; Turner 2014: 53–55).

I Noreg viste det seg i auka interesse for dei norrøne kongesogene. Heilt ukjende hadde dei ikkje vore (jf. Berg 2016a: 3–4), men frå sist på 1500-talet fekk dei auka merksemd som kjelder til norsk historie, i første omgang blant dei såkalla bergenshumanistane. Den vidare historia om norrøn filologi i Noreg er godt fortalt av Ludvig Holm-Olsen (1981), og me kjem tilbake til det nedanfor (sjå bolk 3). Det avgjerande i vår samanheng er at arbeidet med gamle tekstar, anten dei er på gresk, latin eller norrønt, går hand i hand med utforskinga av språket i dei same tekstane.

### 1.3.2 Filologisk praksis

Kva er så filologi, ut over at det er eit studium av tekstar? Den danske (klassiske) filologen J. N. Madvig definerte filologi slik: «gjenopplivelse, grunnet på selvsyn, av svunnen tid, gjennom tolking av dens skrevne minnesmerker» (omsetjing av Holm-Olsen 1981: 10). Rindal (1990) siterer denne og liknande formuleringar, som alle legg til grunn at filologien er ein brei, nærast altomfemnande, kulturvitskap. Målet er å forstå ein tidlegare kultur, og nettopp *forståing* er gjerne sett som eit hovudkjenneteikn ved humanvitskap i motsetjing til *forklaring* av naturlege fenomen i naturvitskapane (jf. Hårstad mfl. 2017: kap. 3).

I sentrum for denne kulturvitskapen står tekstane. Desse skal studerast ved sjølvsyn, altså må filologen arbeide med originaltekstar, eller så tett opp til originalane ein kjem. (Det er ikkje alle som kan – eller får lov til – å sitje med dei bevarte handskriftene frå mellomalderen.) Det krev språkkunnskapar. Men den som verkeleg skal kunne forstå tekstar frå ei anna tid, treng også realkunnskapar,

altså kunnskap om ulike sider ved samfunnet som er omtala, til dømes litteratur, samfunnsorganisasjon og rettssystem, teknologi, mål og vekt, religion og så bortetter. Hovudargumentet til Turner (2014) er at medan alle desse disiplinane i utgangspunktet var delar av ein altomfemnande kulturvitskap – filologien – har dei etter kvart vorte til eigne vitskapar med eigne mål og metodar.

Likevel er språkkunnskap sjølve grunnlaget for forståing av eldre tekstar, og språkvitskap og filologi har levd i tett hopehav. Dette gjeld da naturleg nok den historiske språkvitskapen, som lenge *var* språkvitskap. Språkhistorikaren må byggje på tekstar og vita noko om kva slags tradisjonar dei vart til i, medan den som vil arbeide med innhaldet i tekstane (historikarar av alle slag, inkludert litteraturhistorikarar), treng omfattande språkkunnskapar for å forstå dei (jf. Kjartan G. Ottósson 1988). Dermed har historisk språkvitskap alltid vore tett knytt til filologien. Men etter kvart som språkvitskapen kom til å understreke at det munnlege språket er det primære, skilde filologi og språkvitskap i større grad lag. Sjølv om den historiske språkvitskapen er nøydd til å bruke skriftlege kjelder, har medvitet om at desse kjeldene ikkje gjev att talespråket direkte, og at det er dét me helst vil seie noko om, vorte sterkare.

I nyare tid, etter kvart som ulike vitskapar har skilt seg ut frå filologien, har filologi i stendig større grad vorte forstått som arbeidet med tekstar i snever forstand. Med det meiner eg vegen frå pergament (eller papyrus, papir og andre moglege underlag) til ei tekstutgåve. Tradisjonelle trykte tekstutgåver har gjerne hatt lange innleiingar med kommentarar om kjeldene (handskrifter), skrift (paleografi), språk og innhald. I nyare tid er mange utgåver digitale, slik at filologien også har vorte moderne og faktisk står i fremste rekkje av såkalla digital humaniora. Det gjer det mogleg å søkje i tekstane og samle kvantitative data, som særleg språkforskarar ønskjer.



# Kapittel 2

## Stoda tidleg på 1800-talet

Ovanfor var me inne på korleis språkforskinga i tidleg nytid framleis tok utgangspunkt i skapings saga i Bibelen. I dette kapitlet skal me skissere kva som fanst av norsk språkforsking før 1800-talet (det er fort gjort!), før me skal vise korleis språkvitskapen vart ein vitenskap i tiåra rundt 1800. Dette vart ein historisk vitenskap som bygde på det som ettertida har gjeve namnet historisk-komparativ metode, som òg skal forklarast.

### 2.1 Dansk-norsk språkforsking i dansketida

Frå ca. 1500 var skriftspråket i Noreg dansk. Norske forfattarar bruka i nokon mon, meir eller mindre medvite, nokre norske ord og uttrykksmåtar (inkludert syntaktiske særdrag), men i hovudsak følgde skriftspråket dei same normene som i Danmark. Der voks det frå 1600-talet fram ein grammatisk tradisjon for morsmålet.

#### 2.1.1 Dansk grammatikktradisjon

Grammatikk var i mange hundre år i hovudsak latinsk grammatikk til skulebruk, for latin var det viktigaste skulefaget og inngangsbilletten til all lærdom. Lærebøkene av Donatus (300-talet) og Priscianus (rundt 500) heldt seg i bruk i tusen år og la grunnlaget for ein grammatisk tradisjon som etter kvart vart overført til nye språk. Somtid skjedde dette altfor mekanisk, der skildringar av latin vart omsette så direkte at engelske eller danske substantiv kunne opptre i fem kasus – som alle hadde identisk form.

Mot slutten av 1600-talet oppstod ein eigen dansk grammatikktradisjon, som vanleg etter latinske modellar. Da kom dei første framstillingane av dansk grammatikk; først på latin, før Peder Syv skreiv den første på dansk i 1685. I hovudsak

var slike framstillingar meinte for skulebruk, og dei skulle dels tene som innleiing til å studere framandspråk, dels gjekk det andre vegen, slik at den latinske grammatikken fekk vera modell for skildringa av morsmålet. Denne skulegrammatikktradisjonen heldt seg stabil og vart lite påverka av den historiske språkvitskapen som etter kvart voks fram (Hertzberg & Hovdhaugen 1980: 17).

Etter sjølvstendet i 1814 kom det òg norske skulegrammatikkar, bygde på den danske tradisjonen. Somme av dei kalla seg «norsk» grammatikk, men språket dei skildra, var dansk. Dette heng saman med dei terminologiske problema etter 1814, der det vart vanskelegare å vedgå at skriftspråket faktisk var dansk. Den vanlegaste termen vart derfor «Modersmaalet», men det tok lang tid før reelt norske språktrekk vart omtala, og før rettskrivinga skilde seg frå gjengs dansk. Det skjedde i liten grad før i andre halvta av hundreåret.

### 2.1.2 Ordboksarbeid i Danmark-Noreg

Både nordmenn og danskar var naturlegvis klare over at folk i Danmark-Noreg snakka forskjellig, og eit utslag av aukande interesse for morsmålet var innsamling av ord til større ordbøker. I to omgangar vart det oppfordra til å samle inn ord frå ålmugemålet, og bae gongene førte det til nokre innsamlingar i Noreg. Første gong var i tida 1697–1700, andre gong som del av ei større rundspørjing til prestane i Danmark-Noreg i 1743, der to spørsmål galdt lokale ord og namn.

Ein ideologisk premiss me skal merke oss her, er at interessa for morsmålet femnde om dialektar i både Danmark og Noreg. Alle desse talemåla utgjorde delmengder av det danske riksspråket, slik mange såg det (jf. Berg 2016b: 47–48). Så lenge dei skandinaviske språka utgjer eit dialektkontinuum (eit område med berre gradvise overgangar mellom ulike dialektar), er det sosiale og politiske grunnar til å skilje mellom ulike språk, og i den dansk-norske staten gav det god meining å rekne alle skandinaviske varietetar innanfor riksgrensene som variantar av riksspråket dansk.

Eit særmerkt og sjølvstendig arbeid er eit forslag til ortografisk reform av dansk frå tidleg 1700-tal, der forfattaren trekkjer inn mange døme frå Trondheim. Den anonyme forfattaren må ha vore Hans Olufsen Nysted, fødd i Trondheim i 1664 og seinare prest i Danmark (Dalen 2006). Det gjev oss eit sjeldan innsyn i trondheimsmålet ikring 1680 (før Nysted flytta frå byen), og da viste det allereie typiske bymålstrekk som grammatiske forenklingar, t.d. *-an* i bf.pl. av inkjekjønnsord.

### 2.1.3 Norsk språkforskning i dansketida

Den første som skreiv *om* norsk, var ein anonym sørlending (mest truleg stod presten Jørgen Tomasson i Kvinesdal) tidleg på 1600-talet. Han byrja på ein *liden*

*norsk grammaticam* og greidde tre sider der han identifiserte nokre forskjellar mellom dansk og det norske talemålet han kjende. Det er særleg det som i dialektologien er kjent som differensiering og segmentering, han har merka seg.

Sunnfjordspresten Kristen Jensson gav i 1647 ut *Norsk Dictionarium*, den første av ei rekkje norske ordsamlingar (i tillegg til materiale frå danske innsamlingsprosjekt, sjå ovanfor). Der tok forfattarane med ord dei ikkje kjende i dansk. Det betyr ikkje nødvendigvis at orda ikkje fanst i danske dialektar, men dei var i alle fall ikkje vanlege i riksspråket. Somtid skreiv forfattarane rett ut at målet var å gjera det lettare for danskar å forstå nordmennene. Dermed var det heller inga trong til å ta med ord som norsk og dansk hadde sams, og det var jo dei fleste.

Den største slike samlinga, som også inkluderte det som var kjent av tidlegare arbeid, var Laurents Hallagers *Norsk ordsamling* (1802). I tillegg til den leksikalske dokumentasjonen viser Hallager i føreordet at han tydeleg ser på norsk som eit eige språk, som «adskiller sig fra de tvende andre nordiske Sprog», altså dansk og svensk. Det manglar berre skriftleg bruk «for at blive et selvstændigt Sprog lige saa vel som hine». Me kan også merke oss kvar han meiner dette norske språket finst: Det er ikkje «i Norges Kjøbsteder eller nærliggende Egne, hvor Sproget ligesom Sæderne ere danske; men inde i Landet, i Fjeldbøigderne, og overalt blant Bønder». Denne tanken vart vidareført seinare i hundreåret i utforminga av landsmålet.

## 2.2 Språkvitskapen rundt 1800

Mange ord er like i fleire europeiske språk, noko alle som kunne språka, må ha lagt merke til. Heilt opplagt er likskapane mellom dei ulike romanske språka og latin. Ideen om at språk kunne vera i slekt, er såleis gamal. Mange bøker om språk i tidleg nytid rekna opp ulike språk, og sorterte dei også i familiar. Allereie nemnde Peder Syv skreiv såleis ei avhandling om dei «kimbriske» språka, altså germansk (1683). Ein populær måte å jamføre språk på var å gje att Herrens bøn (fadervår) på ulike språk, og slike samanstillingar kan ein finne i fleire bøker.

Misjonærar og koloniadministratorar i India hadde kome i kontakt med lærdomsspråket sanskrit. Det var ikkje lenger talemål, men eit lærd språk slik som latin i Europa. Fleire hadde også peika på at sanskrit hadde mange likskapstrekk med latin og gresk, klassiske språk som alle lærde kjende til. På 1700-talet vart også tanken om slektskap mellom dei ulike språka vidareutvikla: Det var ikkje slik at til dømes latin hadde utvikla seg frå gresk (slik ein del romarar trudde i antikken), men at alle desse språka som viste likskapstrekk, hadde utvikla seg frå eit felles utgangspunkt som ikkje var identisk med noko av dei kjende språka.<sup>1</sup>

<sup>1</sup>I alle innføringsbøker blir ein merknad av Sir William Jones i 1786 om eit sams opphav for

Dette var grunnlaget for ei ny retning som kom samstundes som språkvitskapen vart meir vitskapleg, slik me forstår ordet i dag.

## 2.3 Komparativ filologi

Den nye språkvitskapen som vart etablert, var ein historisk vitskap som tok utgangspunkt i språk slik dei er dokumenterte i eldre tekstar. Samstundes stod jamføring mellom språk sentralt, og dermed kan ein med rette tala om ein komparativ filologi, ein term som framleis er i bruk på engelsk (*comparative philology*). Retninga har òg vore kalla historisk-komparativ språkvitskap, som er ei vanlegare nemning i dag og framleis ein levande fagtradisjon. Målet var å finne slektskap mellom ulike språk i notida og finne tilbake til eldre språksteg, etter kvart med ambisjonar om å *rekonstruere* sjølve det indoeuropeiske urspråket, det sams opphavet – som ikkje sjølv er kjent frå tekstar – til mange kjende språk.

### 2.3.1 Ein historisk vitskap

Medan tidlegare jamføringar hadde vore heilt overflatiske, der ein berre peika på ytre likskapar mellom ord i ulike språk, vart dette sett i system tidleg på 1800-talet. Her skal me trekkje fram tre sentrale forskarar og bøker som var med og gjorde språkforskning til ein vitskap.

**Franz Bopp (1791–1867):** *Über das Conjugationssystem der Sanskritsprache in Vergleichung mit jenem der griechischen, lateinischen, persischen und germanischen Sprache* ‘Om verbbygginga i sanskrit i jamføring med kvart av dei greske, latinske, persiske og germanske språka’ (1816)

**Rasmus Rask (1787–1832):** *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse* (1818)

**Jacob Grimm (1785–1863):** *Deutsche Grammatik* ‘Germansk grammatikk’ (1. utg. 1819; 2. utg. 1822–37)

Dei to tyskarane får gjerne æra for å ha grunnlagt den historisk-komparative språkvitskapen. Rask var viktig i Norden; han skreiv stort sett på dansk, men vart formidla til eit internasjonalt publikum av Grimm, som innarbeidde dei viktigaste resultatane hans i egne publikasjonar.

Medan Bopp jamførte ulike gamle språk av forskjellige språkfamiliar, heldt Grimm seg til germansk. Rask gjekk meir prinsipielt til verks i undersøkinga si

---

sanskrit og mange europeiske språk trekt fram, og året 1786 sett som startpunkt for moderne språkvitskap. Men Jones var korkje den første eller den beste til å formulere denne innsikta (sjå t.d. Campbell 2006; litt meir positivt framstilt i Morpurgo Davies 1998: 65 f.).



av opphavet til norrønt, som han hadde gjeve ut ein grammatikk om i 1811. Han gjekk gjennom alle språkfamiliane ikring Norden for å finne ut kor mykje dei liknar på norrønt: grønlandsk, keltisk, baskisk, finsk, slavisk, latvisk, gresk og latin. (Både Bopp og Rask opererer med familiar som germansk, keltisk og slavisk; dette var etablert kunnskap.) Rask fann, naturleg nok, liten likskap mellom norrønt og grønlandsk, baskisk eller finsk (som tilhøyrer heilt andre språkfamiliar), men varierende grad av likskap med dei andre. Ikkje minst formulerte han klåre prinsipp for korleis språkleg slektskap kan etablerast, med særleg vekt på bøyingsformer og ordrøter, det som skulle bli kjent som historisk-komparativ metode.

### 2.3.2 Historisk-komparativ metode

Med litt meir moderne døme enn Rask bruka, skal me illustrere den historisk-komparative metoden i språkvitskapen, som med nokre forbetringar framleis er sentral i historisk språkforskning. Me skal forklare metoden ved å sjå på (delar av) den germanske lydforskyvinga, ofte omtala som Grimms lov – sjølv om det var Rask som oppdaga mønsteret. Sjå på døma i tabell 2.1 og konsentrer deg om den første konsonanten; ord som ikkje er glossa, tyder om lag det same.

Tabell 2.1: Den germanske lydforskyvinga

Norrønt	Latin	Gresk
faðir	pater	patér
fram	prō	pró
fótr	pes	poús
kyn 'kjønn'	genus 'stamme'	génos 'slekt'
akr 'åker'	ager	agrós
ek	ego	egō
hundrað	centum	(he-)katón
hundr	canis	kúōn
hani	canō 'eg syng'	(ēi-)kanós 'hane'

Me går ut frå at orda i kvar rad har eit sams opphav, slik at dei er **kognate**, som det heiter. Likevel er det ein tydeleg forskjell mellom den første konsonanten i kolonne 1 (norrønt, og tilsvarende i alle andre germanske språk) og dei to andre, der gresk og latin representerer tilstanden i urindoeuropeisk:<sup>2</sup>

<sup>2</sup>I mange andre tilfelle har også latin og gresk endra seg, og i fleire av desse eksempelorda er det andre ting på gang som gjer dei litt ulike. Ein del forskjellar i vokalane gjeld ulike avlydstrinn

- ieur. \**p* vart til urgermansk \**f* (\* = rekonstruert)
- ieur. \**k* vart til urgermansk \**h* (sikkert ein harkelyd som i tysk *ach*)
- ieur. \**g* vart til urgermansk \**k*

Det er fleire konsonantar som inngår i den germanske lydshorskyvinga, men dette får halde som illustrasjon.<sup>3</sup> Endringa bør ha skjedd før urgermansk vart splitta opp i ulike særspåk, sidan det er meir økonomisk enn å rekne med at endringa skjedde i alle dei ulike germanske språka kvar for seg seinare. Dette er rett og slett grunnlaget for den historisk-komparative metoden: Kva er det sannsynlege opphavet (historisk) til ulike kjende former (komparasjon)?

Det er viktig å vita kva ein jamfører her. Leitar ein gjennom ordlistar for ulike språk, vil ein alltid finne nokre ord som liknar. Men for at det skal vera prov på sams opphav, må denne likskapen vera systematisk og finnast att i mange ord med liknande tyding. Dersom eit ord er (nesten) identisk i to språk som ikkje har noka felles historie på ganske lenge, er det mest truleg snakk om lånord, den eine eller hin vegen. Systematisk ulikskap er eit betre teikn på slektskap.

Dette var relativt enkle døme. Ein bør også ta omsyn til trykkplassering og fonologisk omgjevnad, og vera nøyen med at ein faktisk jamfører ord som etter tydinga kan ha eit sams utgangspunkt (sjølv om tydinga kan ha endra seg litt). Ofte vil forma som finst i flest språk, bli rekna for den opphavlege, men ein må òg ta omsyn til kva utviklingar som er sannsynlege.<sup>4</sup> Godt historisk-komparativt arbeid krev såleis god kjennskap til mange gamle språk og ålmenne tendensar i språkending, og dette er framleis ein sterk fagtradisjon. Eit kjent resultat av slikt arbeid er etymologiske ordbøker; eit framifrå norsk døme er Bjorvand & Lindeman (2021).

## 2.4 Språkvitskap i Noreg

Det kongelige Frederiks universitet i Kristiania vart vedteke oppretta i 1811 og kom i gang med undervising i 1813 (sjå Olsen 1911 om dei filologiske faga ved universitetet dei første hundre åra). Frå starten hadde universitetet ein professor i gresk og ein i teologi og hebraisk – og latin kunne jo alle, sjølv om det snart kom ei særskild stilling i språket. Elles vart det snart tilsett éin lærar i moderne språk (fransk, seinare italiensk og engelsk) og ein professor i orientalske språk (inkludert hebraisk).

eller seinare utviklingar i kvart språk. Men her held me oss altså til den første konsonanten. Det er faktisk vanskeleg nok å finne gode døme berre på det med kognat i alle tre språka.

<sup>3</sup>OK, éin til: Ser du samanhengen mellom latin *caput* og norrønt *höfuð*?

<sup>4</sup>Døme på vanlege utviklingar er palatalisering av velarar som /k/ før fremre vokalar (tenk på ulike moderne former av latin *caesar* /kaisar/) og reduksjon eller bortfall av trykklette vokalar, der ulike språk (eller dialektar) kan utvikle seg ulikt.

Det nye universitetet skulle forsyne den nye staten med embetsmenn, og dei store profesjonsutdanningane teologi, juss og medisin var dei viktigaste, medan dei filosofiske faga (resten) var lågt prioriterte. Dei tilsette var først og fremst lærarar og hadde lite tid til vitenskapleg arbeid, og det var delvis så som så med vilje og evne òg. Den beste og mest produktive tidleg på 1800-talet var latinprofessoren Aubert, men han heldt seg til latinsk grammatikk. Det var heller ikkje mange studentar som spesialiserte seg i språk, men både gresk, latin og hebraisk var obligatoriske emne til førebuande eksamen.

Professor Holmboe i orientalske språk hadde studert blant anna arabisk og persisk, underviste i hebraisk og kjende også sanskrit. Han dreiv med mykje anna innanfor litteratur og historie, men gav rundt 1850 ut fleire etymologiske arbeid der han jamførte norrønt med sanskrit og andre språk. Diverre var kvaliteten så som så, ikkje minst fordi han hadde eit temmeleg dårleg grep om komparativ metode og ikkje hadde teke til seg dei metodiske framstega som Bopp, Rask og Grimm hadde gjort (Hertzberg & Hovdhaugen 1980: 22–25). Slik minna han meir om språkforskarar på 1700-talet. Aukande interesse for historisk-komparativ språkvitskap kom i Noreg til å gå hand i hand med den spesifikt norrøne filologien, meir enn den komparative.



# Kapittel 3

## Norrøn filologi

Det har alltid vore ei viss interesse for den norrøne litteraturen i Noreg, også etter mellomalderen. Nasjonalromantikken, den dominerande tankeretninga i første halvta av 1800-talet, la vekt på historia som eit av særkjenna på nasjonen, i tillegg til språk, folkedikting, tradisjonar og lover. I Noreg førte det til auka interesse for den nasjonale historia, og dermed den norrøne litteraturen som kjelde til denne historia. Derfor vart norrøn filologi, den greina av filologien som studerer dei norsk-islandske mellomalderhandskriftene, etter kvart ein viktig disiplin i Noreg. Dette er godt og lettfatteleg framstilt av Ludvig Holm-Olsen (1981). Utover 1800-talet vart norrønt også ein del av filologien på universitetet.

### 3.1 Norrønt på universitetet

Historikarane måtte kunne norrønt for å lesa kjeldeskriftene til norsk mellomalder. Historikaren Rudolf Keyser (1803–64) reiste sjølv til Island for å lære seg språket skikkeleg, og underviste frå 1828 i norrønt ved universitetet i Oslo. Sjølv om det ikkje var eksamensfag, trekte førelesingane ein del studentar, og med ei omlegging av studieordninga i 1845 vart «oldnorsk» (som nordmennene kalla det, ikkje utan protestar frå danskar og islendingar (Berg 2014: 35–36)) valfritt som alternativ til hebraisk.

Keyser innleidde noko av ein gullalder for norrøn filologi i Noreg. Dette er særleg knytt til den omfattande utgjevingsverksemda som Keyser stod for saman med dei yngre kollegaene P. A. Munch (1810–63) og særleg C. R. Unger (1817–97). Unger gav også ut mange verk åleine. Til saman gav desse tre ut mange av dei klassiske norrøne verka som hadde med Noreg å gjera, særleg lover, kongesoger og handskrifter som sikkert hadde vorte til i Noreg.


Utgjeving av tekstar etter handskriftene er ei av dei viktigaste oppgåvene for filologien. Innleiingane til slike utgåver kan ha merknader om språket i hand-

skriftene, men for dei norske utgjevarane var hovudsaka innhaldet, ikkje den språklege forma. Men språkleg argumentasjon vart bruka historisk, til dømes for å vise at norsk – og dermed nordmenn – skilde seg klårt frå svensk og dansk i mellomalderen. Det viser det nasjonalromantiske synet på språket som eit viktig uttrykk for nasjonen, slik særleg den tyske filosofen J. G. Herder (1744–1803) hadde uttrykt det. Og Keyser formulerte seg som ein nasjonalromantisk filolog når han meinte at «kjennskap til forfedrenes språk kaster lys over deres ‘Character, Cultur og Folkeslægtskab’» (Holm-Olsen 1981: 65).

### 3.2 Språkvitskapleg forskning

Unger skreiv ei god avhandling om vokalsystemet i norrønt, men av dei tre historikarane og norrønfilologane i denne generasjonen gav Munch dei viktigaste og mest sjølvstendige bidraga til språkvitskapen. Saman med Unger gav han ut ein norrøn grammatikk (1847) og ei lesebok. Grammatikken bygde i stor grad på Rasmus Rasks arbeid, men ikkje heilt utan sjølvstendige slutningar. Til dømes kunne Munch og Unger, som Jacob Grimm også hadde gjort, justere framstillinga på nokre punkt der Rask la seg for tett på moderne islandsk, til dømes i uttalen av vokalane.

Frå 1846 førelas Munch i språkhistorie ved universitetet. Han tok blant anna opp slektskapen mellom germanske språk som han framstilte i ein «Genealogisk Tabel» (figur 3.1; *genealogi* tyder ‘lære om ætter’). Denne oppstillinga føregrip det første «språktreet», som vanlegvis blir kreditert August Schleicher i 1850-åra, sjølv om ideen er eldre (Morpurgo Davies 1998: 170 f., 185 f.). Å finne slektskap mellom ulike språk og gruppere dei vart ei viktig oppgåve for språkvitskapen, og Munch var tidleg ute. Han skilde tydeleg mellom aust- og vestnordisk (som stammar frå eit felles språk *eldre* enn norrønt), og han opererer med eldre, hypotetiske mellomledd frå urgermansk til dei kjende mellomalderspråka. Munch la vekt på ei komparativ tilnærming og gav også ut ein gotisk grammatikk (1848).



Figur 3.1: «Genealogisk Tabel» frå Munch (1846: 223)

Munch arbeidde også med runeinnskrifter, særleg dei eldre. Han meinte dei var skrivne på gotisk, men trass dette mistaket gjorde han framsteg i tolkinga av dei eldste runeinnskriftene. Munch var elles ein av dei fremste kritikarane av Holmboes etymologiske arbeid (sjå ovanfor), særleg at Holmboe jamførte norrønt med sanskrit utan å ta omsyn til andre gamalgermanske mål. Derimot var han full av lovord for ein annan språkforskar som stod fram rundt 1850, nemleg Ivar Aasen (§ 4.1).

### 3.3 Norrøn filologi etter 1850

Unger fortsette utgjevingsarbeidet sitt, åleine og i lag med andre, gjennom heile hundreåret. Utgåvene hans er gode for si tid, og somme er framleis dei einaste tilgjengelege av dei aktuelle tekstane (t.d. fleire helgensoger) for den som ikkje vil gå rett til handskriftene. Ein serie som *Diplomatarium Norvegicum*, ei utgåve av norske mellomalderbrev med mest økonomisk-administrativt innhald (privatbrev er i mykje mindre grad bevarte), byrja i 1847 og held framleis på, band XXIV er i kjømda.<sup>1</sup>

Johan Fritzner (1812–93) var prest (blant anna 10 år i Vadsø, der han interesserte seg for samisk språk og kultur), men studerte i fritida norrønt, særleg ordtilfanget. Det førte til *Ordbog over det gamle norske Sprog* (1862–67; merk språknamnet!), utvida til ei utgåve i tre band 1886–96 (fullført av Unger). Dette har fram til i dag vore den største norrøne ordboka, som no – endeleg – blir erstatta av ei ny, digital ordbok som er under utgjeving i København.<sup>2</sup>

Danske forskarar som stod støtt i den historisk-komparative språkvitskapen, førte utforskinga av norrønt vidare. Framstega i språkvitskapen fekk direkte følger for forståinga av utviklinga av norrønt (jf. Berg 2014: 32). Den som førte utforskinga vidare i Noreg, var Sophus Bugge, men han høyrer neste periode til.

---

<sup>1</sup>Digitalisert og søkbar versjon: [https://www.dokpro.uio.no/dipl\\_norv/diplom\\_felt.html](https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html).

<sup>2</sup>Nettside: <https://onp.ku.dk/>.





# Kapittel 4

## Dialektologien veks fram

Medan dei klassiske faga rådde grunnen på universitetet, og det etter kvart voks fram ei historisk forskning på gamalnorsk eller norrønt, var den vitskaplege interessa for norske dialektar meir beskjeden. Det som fanst i språkvitenskapleg retning, galdt i all hovudsak samlingar av norske ord (sjå § 2.1.3), og det var liten systematisk kunnskap om dei norske dialektane. Som eit døme på rein vankunne har Helge Sandøy trekt fram eit innlegg i *Morgenbladet* i 1853 der presten O. T. Krohg hevda at «der i Grunden kanskje er kun følgende 4 Hoveddialekter: 1) den Thrønderske, 2) den Raumiske [‘romsdalske’], 3) den Hordalandske, 4) den Rogalandske» (Sandøy 2011: 239). Dette kunne ein lærd mann skrive offentleg i Noreg så seint som i 1853, men da burde Krohg visst betre.

### 4.1 Ivar Aasen

Etter å ha skrive ein grammatikk for sitt eige sunnmørsmål fekk Ivar Aasen (1813–96) stipend for å undersøkje andre dialektar. Det førte til den store granskingsferda i åra 1842–47 og kortare turar om somrane i mange år etterpå. Aasen bruka resultatane av dette arbeidet i utforminga av landsmålet, men vel så viktig i vår samanheng var den kunnskapen han opparbeidde seg og framstilte i grammatikkane (1848/1864) og ordbøkene (1850/1873) sine. Desse arbeida hausta lovord også frå folk som ikkje hadde særleg sympati for tanken om eit eige norsk skriftspråk, og gjorde Aasen til den uomstridde autoriteten på norske talemål i samtida.

Aasen kjende arbeida til og var inspirert særleg av Rask, men også Grimm. I arbeida sine jamførte han heile tida med norrønt, og han gav også sjølv ut *En liden Læsebog i Gammel Norsk* (1854). I arbeidet med å utforme eit nynorsk skriftspråk bruka han ein historisk-komparativ metode på norske dialektar for å finne eit felles utgangspunkt. Her kunne han jo gått rett til norrønt, som var det kjende

utgangspunktet, men Aasen ville byggje på dei levande talemåla og inkluderte til dømes ikkje kasusbøying av substantiv. Vørnaden for det gamle språket låg i tida og førte til at han likevel i somt gjorde konservative val. I normalen han sette opp, heldt han seg (med eit par unntak) til former som faktisk fanst i dialektane, men han valde gjerne dei som stemde best med gamalnorsk.

Som grammatikar var likevel Aasen på mange vis konservativ; han skildra norsk deskriptivt (kva former som fanst i språket), og han bygde like mykje på den skulegrammatiske tradisjonen som den gjeldande historiske språkvitskapen. Det ser ein ved at han inkluderte kapittel om orddanning og syntaks i *Norsk Grammatik* (1864), medan moderne språkvitskap på hans tid i hovudsak heldt seg til lyd- og formlære (fonologi og bøyingsmorfologi). Dessutan, som bl.a. Sandøy (2013: 82) peikar på, var dialektgranskinga for Aasen eit middel, eit grunnlag for å utvikle landsmålet, ikkje eit mål i seg sjølv.

## 4.2 Vidare utvikling

Om lag på same tid som Aasen samla opplysningar om folkemåla, byrja det store arbeidet med å samle norsk folkedikting; dette kan seiast å vera utslag av same interesse for folkeleg kultur.<sup>1</sup> Innsamlarane måtte i første omgang *forstå* det dei høyrde, og somme kommenterer også språklege særtrekk. Den internasjonalt kjende organisten L. M. Lindeman samla inn folkemusikk og skreiv i samanheng med det ei lita grammatisk skisse av valdresmålet (særleg i Vang, «hvor Sproget forekommer mig at være blødest og renest») i 1850, truleg det første norske arbeidet i sitt slag.

Det seinare så velkjende jamvektsprinsippet vart første gong formulert av C. R. Unger i eit brev til Ivar Aasen i 1851; prinsippet var oppdaga av Nils H. Trønnes som arbeidde med folkedikting frå Valdres. Jamvektsprinsippet føreset ei rett forståing av vokallengd i norrønt. Alle dei nordiske språka har gjennomgått ei kvantitetsomlegging som har endra vokallengda, og det var først i 1840-åra det vart klårt for forskarane at systemet hadde vore annleis i norrønt, blant anna med trykktunge korte stavingar (kort vokal + kort konsonant). Framstega i historisk språkvitskap gjorde det mogleg å sjå mønster i norske dialektar.

Utgjeving av folkedikting og dialekttekstar var ein del av interessa for talemåla, og nokre slike arbeid tok med merknader til grammatikken i dialektane. Eit arbeid som tydeleg var inspirert av historisk-komparativ språkvitskap, er Sophus Bugges (sjå § 5.2) debutarbeid (1852) om «Consonant-Overgange i det norske Folkesprog». Han bygde mest på opplysningar frå Aasen jamført med tilsvarende lydendringar i andre språk. Formuleringane er likevel nokså overflatiske

---

<sup>1</sup>Dette avsnittet byggjer på eigne, upubliserte undersøkingar med utgangspunkt i Nes (1986).

observerande, av typen «dd gaar over til ll, som omvendt ll til dd».

Ein sterkare dialektologisk tradisjon utvikla seg likevel ikkje før mot slutten av 1800-talet, og da hadde språkvitskapen òg utvikla seg vidare med krav om større presisjon i skildringa av særleg lydendingar enn Bugges formuleringar.



# Kapittel 5

## Junggrammatikk

### 5.1 Junggrammatikken

*Jung* er tysk for ‘ung’, og *junggrammatikarane* var ei gruppe unge språkforskarar i Leipzig i 1870-åra.<sup>1</sup> I bresjen stod Hermann Osthoff og Karl Brugmann, som saman publiserte serien *Morphologische Untersuchungen* frå 1878. I føreordet til det første bandet oppsummerte dei det junggrammatiske programmet, som dei meinte peika ut ei sikrare retning for språkvitskapen.

For det første (s. V–X) kritiserer dei eldre jamførande språkforskning for å ha vore for oppteken av dei eldste kjende språka, og da berre som grunnlag for å rekonstruere indoeuropeiske grunnformer. Dei ønskte større merksemd om utviklinga av språk framover, i den dokumenterte historia (skriftlege kjelder) og levande dialektar (*die lebenden volksmundarten*). Vidare sette dei opp to metodiske *grundsätze* ‘prinsipp’ for den retninga dei sjølve omtala som den junggrammatiske (s. XIII):<sup>2</sup>

*Erstens.* Aller lautwandel, soweit er mechanisch vor sich geht, vollzieht sich nach *ausnahmslosen gesetzen*.

‘Først. All lydending, så lenge ho skjer mekanisk, blir gjennomført etter unntakslause lovar.’

Denne formuleringa om «unntakslause lydlover» har vorte kjent som mottoet for junggrammatikarane (meir i § 5.1.1). Det ligg likevel eit viktig atterhald i innskotet «soweit er mechanisch vor sich geht»: Det finst altså andre typar lydendingar som ikkje skjer «mekanisk». Eit klassisk døme er **metatese**, ombyting av

---

<sup>1</sup>Eit døme på ei lydlov (meir om ein liten augneblink!) frå norsk språkhistorie er at germansk \*j fall bort i framlyd i urnordisk. Dermed vart urgermansk \*jung- til norrønt *ung-* og norsk *ung*, men er bevart uendra i tysk *jung* og engelsk *young*.

<sup>2</sup>Originalen har sperra skrift for utheving, her erstatta med kursiv.

to lydar, som i all hovudsak er sporadisk – det gjeld ikkje alle førekomstane av ein lyd.<sup>3</sup> Dessutan fortset definisjonen med den avgrensinga at dette gjeld innanfor eitt språksamfunn (men alle språkbrukarane som er medlemmer av dette språksamfunnet), og berre i dei tilfella der den aktuelle lyden står i same omgjevning (*unter gleichen verhältnissen*).

Unntakslause lydendringar er altså det første metodiske hovudprinsippet. Det andre gjeld ein heilt annan type endring, nemleg **analogi**:

Da [...] die formassociation, d.h. die neubildung von sprachformen auf dem wege der analogie, im leben der *neueren* sprachen eine sehr bedeutende rolle spielt, so ist diese art von sprachneuerung unbedenklich auch für die *älteren* und *ältesten* perioden anzuerkennen.

‘Sidan formassosiering, dvs. nydanning av språkformer på analogisk vis, spelar ei særskilt viktig rolle i *nyare* språk, så må ein utvilsamt rekne med denne typen språkendring også for dei *eldre* og *eldste* periodane.’

Analogi (eller mønsterherming) er altså endring av ei språkform på grunnlag av assosiering med andre språkformer. Eit klassisk døme frå moderne norsk er at sterke verb kan gå over til å bli svake, fordi dei sterke verba er unntak som må lærast eitt for eitt, medan dei svake verba følgjer eit fåtal regelmessige mønster (meir i § 5.1.2). Dei vanlegaste bøyingsmønstera spreier seg, og sterke verb kan bli svake gjennom analogi.

Osthoff og Brugmann viser til moderne språk som argument for at analogi er viktig, for der kan ein observere analogiske endringar i samtida. Og dei ser ingen grunn til at det ikkje har vore like viktig – «oder gar *in noch grösserem umfange*» (‘eller til og med i enda større omfang’) – i eldre språksteg.

Dette er indirekte ein versjon av det såkalla **aktualitetsprinsippet** (eng. *uniformitarian principle*), om at prosessar i fortida var grunnleggjande dei same som dei prosessane me kan observere i dag. Denne tanken vart utvikla i geologien på 1700-talet og er seinare overført til andre historiske vitenskapar. Den amerikanske språkforskaren William Dwight Whitney (1827–94) introduserte prinsippet til språkvitskapen (Brugmann viser ein annan stad direkte til Whitney), blant anna i ei bok frå 1867, og sidan har prinsippet spela ei viktig rolle (sjå t.d. Labov 1994: 21–25; Bergs 2012).

Viss ein skal oppsummere programmet til junggrammatikarane, er det tydeleg at dei undersøkte språkleg endring (språkvitskapen var for dei ein historisk eller diakron vitenskap), og dei to fremste forklaringsmodellane var lydlover og analogi. Dette er sentrale prinsipp også i dagens språkvitskap, om sjølve termen

<sup>3</sup>Likevel er det tendensar, som at engelsk ofte har fått sekvensen /Vr/ (V = vokal) for eldre /rV/, t.d. eng. *dirt* mot norsk *drit* < urgermansk \**drita*-.

‘lydlov’ ikkje lenger er like omtykt. Me skal sjå litt nøgnare på desse to prinsippa og korleis dei har vorte oppfatta.

### 5.1.1 Meir om lydlover

Også eldre språkforskarar hadde bruka termen *Lautgesetz* ‘lydlov’, men ikkje like strengt definert som junggrammatikarane. Slik representerte dei eit vitskapsteoretisk framsteg med klårare formulerte prinsipp. Når ei lydlov per definisjon skulle vera unntakslaus, måtte tilsynelatande unntak anten kunne forklarast på anna vis, eller så var lydlova falsifisert, som det vil heite med ein meir moderne term. I nyare vitskapsteori, særleg knytt til vitskapsfilosofen Karl Popper (1902–94), er dette eit kjenneteikn ved vitskapleg metode: Ein set opp ein hypotese som ein kan teste; dermed kan ein prøve å falsifisere sin eigen teori, altså vise at hypotesen ikkje stemmer. For ei lydlov vil det vera å finne eit unntak som ikkje lét seg forklare på anna vis, til dømes ved analogi.

Me såg ovanfor (§ 2.3.2) på den germanske lydforstyvinga eller *Grimms lov* – namnet spelar nettopp på naturvitskaplege lover, slik ‘lydlov’ gjer. Men faktum er at det er ei rekkje tilsynelatande unntak, og dermed er ikkje denne «lova» så unntakslaus som junggrammatikarane meinte at ei lydlov burde vera. Da er det anten ikkje ei lydlov etter den strenge definisjonen, eller så er ikkje føresetnadene for lova spesifiserte godt nok. Dansken Karl Verner viste at det siste var tilfellet, og formulerte tillegget som har fått namnet *Verners lov*.<sup>4</sup> Dette blir litt teknisk, men me prøver:

Den germanske lydforstyvinga innebar blant anna at dei indoeuropeiske ustemde plosivane *\*p*, *\*t*, *\*k* (som er bevarte slik i gresk, latin og sanskrit) vart til dei germanske ustemde frikativane *\*f*, *\*þ*, *\*h*. Men ofte tyda dei gamalgermanske språka (som gotisk, gamalhøgtysk og norrønt) på at dei i staden hadde vorte til stemde frikativar *\*β*, *\*ð*, *\*γ*. Verner oppdaga at dette kunne forklarast ved å vise til trykkplasseringa i urindoeuropeisk. Der kunne trykket liggje på ulike stavingar, slik det var kjent frå til dømes gresk. I trykktunge stavingar skjedde den normale endringa til ustemd frikativ, men i trykklette stavingar vart lydane stemde. Eit klassisk døme er ieur. *\*ph<sub>2</sub>tēr* ‘far’ og *\*b<sup>h</sup>reh<sub>2</sub>tēr* ‘bror’ (feit skrift markerer trykkplasseringa),<sup>5</sup> som utvikla seg til gotisk *faðer* og *broþer* med stemt *ð* der trykket låg på den siste stavinga, men ustemt *þ* der trykket låg på den første. Alle dei gamalgermanske språka hadde fast trykk på rotstavinga, det er ei av endringane som kjenneteiknar germanske språk, så Verners lov må ha skjedd før trykket

<sup>4</sup>Historisk-komparativ språkvitskap er full av slike «lover» med namn etter den første som formulerte prinsippet.

<sup>5</sup>«h<sub>2</sub>» står for ein såkalla laryngal, ein strupelyd som fall bort i nesten alle indoeuropeiske språk.

vart fast plassert, altså før urgermansk byrja å dele seg opp i ulike språk.<sup>6</sup>

Verner definerte føresetnade for Grimms lov betre og skildra ei vidareutvikling til stemde frikativar i visse stillingar, og dermed fekk han empiri og teori til å stemme. Denne typen problemløysing var ein viktig del av forklaringa på suksessen til junggrammatikken: Prinsippa verka!

Som me var inne på ovanfor, var junggrammatikarane naturlegvis klare over at ikkje alle lydendringar var «mekaniske», eit atterhald som ofte blir gløymt. Lydlovene galdt under klårt definerte fonetiske omstende, og alltid, unntakslaut, så lenge dei fonetiske føresetnadene var til stades. Slike føresetnader kunne vera til dømes trykk eller lydleg omgjevning, men ikkje grammatisk kategori – lydlovene kan ikkje ordklassane, for å seie det sånn. Prinsippet om regelmessige lydendringar er framleis ein føresetnad for til dømes etymologisk forskning, men termen 'lydlov' og parallellen med naturlover er ikkje lenger like høgt verdsett.

### 5.1.2 Meir om analogi

Analogi er eit sentralt fenomen i all språkending (sjå t.d. Fertig 2013). Når born lærer språk, generaliserer dei; dei prøver å laga reglar som er gyldige for meir enn eitt ord (altså ikkje rein etterlikning). Dette vil dei fleste språkforskarar vera samde om, jamvel om ulike teoretiske modellar har forskjellige måtar å framstille det på.

Eit konkret døme frå moderne norsk er at dei fleste verb som sluttar på trykk-tung vokal (t.d. *nå*, *flå*, *så*) har fortidsendinga *-dde*. Dette er ein novasjon, for denne endinga fanst ikkje i gamalnorsk (*ná* var svakt med pret. *náði*; *flá* og *sá* hadde sterke/uregelrette fortidsformer *fló/seri*). Men mønsteret er så tydeleg i dagens norsk at veldig mange born går gjennom ein periode der dei seier *fådde* og *gådde* av *få* og *gå*. Etter kvart høyrer dei fortidsformene *fekk* og *gjekk* (eller liknande, avhengig av dialekt) ofte nok til å lære seg at dette er unntak frå hovudregelen, slik at desse verba ikkje har gått over til svak bøyning (enno?), slik *flå* og *så* har gjort.

Med junggrammatikken vart det viktig å kunne skilje klårt mellom lydendringar, som skulle vera regelmessige (det vil seie at ei lydending gjeld alle aktuelle ord), og analogi, som gjeld enkeltformer. Analogi er særleg aktuelt for å forklare bøyingsformer der eldre (regelmessige) lydendringar har ført til såkalla morfofonologisk veksling, der ein har ulike lydformer i ulike bøyingsformer av same ord. Morfofonologisk veksling kan vera veldig gamal (som avlyden i sterke verb) eller oppstått ved seinare lydendringar (som bøyinga *bekk* – *bekken* med

<sup>6</sup>I overgangen frå urnordisk til norrønt vart intervokalisk \*þ stemt til ð – ei anna lydlov – slik at norrønt har *faðir* og *bróðir*. Her ser me altså ikkje Verners lov på grunn av ei seinare endring. Ja, det *kan* bli litt teknisk og vanskeleg.



palatalisering av velar i mange dialektar).<sup>7</sup>

### 5.1.3 Kva var eigentleg nytt?

Også tidlegare språkforskarar hadde snakka om **lydlover**, men med eit nokså laust innhald omtrent som det meir nøytrale *lydendring* i dag. For junggrammatikarane var det eit krav at ei lydlov skulle formulerast så klårt at ho ikkje hadde unntak. Eventuelle tilsynelatande unntak måtte ha ei anna forklaring. Men eit par andre forskjellar mellom junggrammatikarane og forgjengarane deira er minst like viktige:

Junggrammatikarane insinsterte på at «language is not an object which has a reality of its own independent of its speakers», altså beint imot den tidlegare tanken om språket som ein organisme; og dei meinte at prosessar me observerer i samtida, er prinsipielt dei same som i fortida (jf. ovanfor om aktualitetsprinsippet) (Morpurgo Davies 1998: 231). Både desse poenga går klårt imot den dominerande språkforskaren før junggrammatikarane, August Schleicher (1821–68) (jf. Hårstad mfl. 2017: 66–68). Han omtala språket som ein organisme som utvikla seg på same vis som naturlege organismar, og skilde mellom «entwicklung» 'utvikling' i førhistorisk tid og «verfall der sprache» 'språkforfall' i historisk tid (Schleicher 1861–62: 3), altså heilt ulike prosessar til ulike tider.

Det klare skiljet mellom lydlover og analogi (med opning for meir sporadiske endringar) og vektlegginga av språkbrukarane i traderinga av språket, var grunnlaget for den junggrammatiske (metodiske) tilnærminga til språkforskning, og dei fleste språkforskarar i dag vil også skrive under på dette, som til dømes sosiolingvisten William Labov (1994: 9–27).

## 5.2 Norrøn filologi og grammatikk

Ei hovudoppgåve for norrøn filologi i Noreg vart også etter den første generasjonen i 1840-åra (sjå kap. 3) utgjeving av norske (og til dels islandske) mellomaldertekstar. Den som bidrog mest til reint språkvitskapleg arbeid, var Sophus Bugge (1833–1907).

Det første vitskaplege arbeidet hans, om lydutvikling i norske dialektar, vart nemnt i § 4.2. Seinare leverte Bugge blant anna banebrytande arbeid om runeinnskriftene med den eldre fuþarken. Det tok tid før forskarane forstod at desse var skrivne med litt andre runer og i ei eldre språkform enn dei velkjende mellomalderinnskriftene i den yngre fuþarken og på norrønt. P. A. Munch hadde levert

<sup>7</sup> Dette er kjent som Sturtevants paradoks, etter den amerikanske språkforskaren Edgar H. Sturtevant (1875–1952): Lydendring er regelmessig, men skapar uregelmessige former; analogisk endring er uregelmessig, men skapar regelmessige former.

viktige bidrag til eldre nordisk språkhistorie og tolkinga av dei eldre runene, men han trudde at språket i dei eldste innskriftene var gotisk. Bugge (og dansken Ludvig Wimmer på same tid) viste at språket var ei eldre form av nordisk, eldre enn norrønt, som me no kjenner som *urnordisk*. Bugge viste dette blant anna i ei stort sett rett tolking av den kjende innskrifta på Gallehus-hornet i 1865.

Med danske komparativistar som K.J. Lyngby og Ludvig Wimmer kom terminologien frå historisk språkvitskap inn i norrøn grammatikk (jf. § 3.3). Eit konkret utslag var at ulike bøyingsklassar fekk namn etter rekonstruerte urgermanske stammesuffiks, slik at ein snakkar om til dømes *a*-stammar og *i*-stammar. Dette vart innført i språkvitskapen av August Schleicher (1861–62) og overført til norrønt av Lyngby, og finst att i nyare grammatikkar over norrønt (jf. Berg 2014: 32).

Junggrammatikken la sterkare vekt på historia til levande språk, ikkje berre rekonstruksjon av urindoeuropeisk. Dei som arbeidde med eldre nordisk språkhistorie mot slutten av 1800-talet, var opplærde i denne tradisjonen og gjorde store framsteg. Det vart til dømes klårt at moderne islandske på mange måtar (ikkje minst i vokalsystemet) hadde endra seg frå norrønt. Dei junggrammatiske metodane konsentrerte seg om utforskinga av lyd- og bøyingsssystem (fonologi og morfologi), og det er slåande at den store norrøne grammatikken (1923) av junggrammatikaren Adolf Noreen (1854–1925) ikkje har eitt ord om syntaks, morfosyntaks eller avleiingsmorfologi, men over 200 sider om lydutviklinga frå urnordisk til norrønt, med nokre merknader om yngre islandske og norske former. Den som særleg arbeidde med norrøn syntaks, var Marius Nygaard (1838–1912). Han var lærar og rektor i skulen og stod utanfor universitetssystemet, men i ein skulegrammatisk tradisjon (med latinsk og gresk) der syntaks var ein viktig del.

Lydhistorie og etymologi var hovudinteressene til Alf Torp (1853–1916), professor i sanskrit og samanliknande språkvitskap, og Hjalmar Falk (1859–1928), professor i germansk filologi. Dei er i dag mest kjende for den store etymologiske ordboka over dansk og norsk (1903–06) som dei gav ut i lag, og stod støtt i ein junggrammatisk tradisjon. Falk var også sentral i arbeidet med fornorsking av stadnamn og rettskrivingsreforma i 1917, sjølv om han var riksmålsmann og ønskte berre små og varsame endringar av rettskrivinga.

### 5.3 Dialektologi

Ivar Aasen hadde lagt grunnlaget for norsk dialektologi med arbeidet sitt frå 1840-åra og framover. Det tok likevel tid før det vart nokon sterk forskningstradisjon, kanskje fordi den reint historiske språkvitskapen var så dominerande at forskarar med språklege interesser heldt seg i fortida. Junggrammatikken inspi-

rerte eit skifte her, med større vekt på nyare talemål. Mot slutten av 1800-talet vart også studiet av lydar (fonetikk), lydssystem (fonologi) og lydendring mykje klårare gjennom etableringa av **fonetikk** som ein eigen disiplin innanfor språkvitskapen. Tyskaren Eduard Sievers (1850–1932), engelskmannen Henry Sweet (1845–1912) og nordmannen Johan Storm (1836–1920) var viktige her.

Johan Storm var professor i romansk og engelsk filologi, men arbeidde også med norske dialektar. Særleg viktig er arbeidet hans med norsk lydskrift, systemet kjent som *Norvegia*, som framleis blir noko bruka. I dag er det likevel vanlegare å bruke det omtrent jamgamle IPA (International Phonetic Alphabet), som blant andre Sweet la grunnlaget for. I to store avhandlingar (Storm 1884/1908) skildra Storm lydskriftssystemet sitt og gjekk samstundes inn på lydane som finst i norsk, med den viktigaste geografiske variasjonen. Dette var basert på eigne studiar rundt om i Noreg. Storm utarbeidde også ei ordliste som kunne brukast i dialektundersøkingar, der forskaren kunne gå gjennom orda med ein informant og notere uttalen. Orda i denne ordlista var utvalde for å illustrere viktige variasjonar mellom norske talemål, men avgrensa til lyd- og formlære. Ordlista hadde nok også ei lita slagside mot austnorsk, for det er mange ord som illustrerer typiske austnorske trekk som jamvekt og jamning. Ei stor jamføring av norske dialektar basert på ordlista hans Storm resulterte i den såkalla *Målføresynopsisen* og *Norsk dialektatlas*, utført i tida 1950–70 etter planen frå Storm.<sup>8</sup>

Aasens mest direkte etterfølgjar var Hans Ross (1833–1914), som gav ut ei norsk ordbok som kalla seg «Tillæg» til *Norsk ordbok* (1873) av Aasen, men som faktisk inneheld fleire ord. Ross gav også ut eit oversyn over norske bygdemål (1905–09). Nokon stor teoretikar var han nok ikkje, men han var godt kjend med norske dialektar. Han hadde studert fonetikk i England og var ein grannsam oppskrivar, slik at arbeida hans er nyttige kjelder. I 1881 vedtok Stortinget å utnemne Hans Ross til professor i «Norsk Folkesprog», men universitetet ville ikkje ha han. Det grunn gav dei blant anna med at dei tvila på om han hadde «saavidt dybtgaaende sproghistoriske Studier, at han vilde være kompetent til ved Universitetet at docere nordisk eller norsk Filologi overhoved» (Longum 1989: 72). Ross var altså ikkje godt nok historisk orientert, ein dom som tydeleg nok viser synet på kva språkvitskap skulle vera. Han vart difor ikkje professor, men fekk auka statsstipendet han allereie hadde for å studere dialektar.

Den største dialektgranskaren, både i kvalitet og kvantitet, på siste del av 1800-talet var likevel Amund B. Larsen (1849–1928). Han var frå Solør og tok doktorgraden på ei avhandling om lydssystemet der. Han arbeidde i over 20 år som lærar før han fekk statsstipend for å studere dialektar. Det første faglege arbeidet hans tok for seg målet i Selbu og Gauldalen medan han arbeidde i Trondheim og lett kunne besøke desse stadene. Larsen var elev av Johan Storm og ein

<sup>8</sup>Tilgjengelege på internett: <https://www.uib.no/ub/114703/målføre-og-dialektologi>.

god fonetiskar. Tilnærminga hans var historisk, slik at dei moderne formene heile tida blir jamførte med gamalnorske former. I dette viser han seg som ein god junggrammatikar. Men Larsen gjekk ut over dette paradigmet i andre samanhengar og var også ein føregangsmann, blant anna i dei store studiane av bymålet i Oslo, Bergen og Stavanger, og i eit kjent og nesten sosiolingvistiske arbeid om «naboopposisjon og knot» (jf. Hårstad mfl. 2017: 106–111).

# Kapittel 6

## Stoda rundt 1900

I ein gjennomgang av (norrøn) filologi i Noreg i samband med hundreårsmarkeringa for tidsskriftet *Maal og Minne* har Odd Einar Haugen (2011: 44) hevda at «i 1909 stod filologien som eit paradigme utan utfordrar». Det føreset eit breitt syn på kva filologi er, der dialektologien med sitt junggrammatiske tankegods blir inkludert. Det spørst likevel om ei så brei oppfatning av 'filologi' er kan forsvarast såpass seint, da den vitskaplege spesialiseringa hadde kome langt og språkvitenskapen skilt seg frå filologien.

### 6.1 Filologien og dialektologien

Som Helge Sandøy (2013) har peika på, hadde den norske dialektologiske tradisjonen fleire røter, der fonetikken og dialektgeografien var like viktig som det strengt junggrammatiske. Samstundes heldt den historiske språkforskinga fram, basert på tekstar frå mellomalderen og meir eller mindre samankopla med dialektane. Hjø ein forskar som Marius Hægstad (1850–1927) er dette tydeleg; dei siste banda av serien hans om *Vestnorske maalføre fyre 1350* (1906–42) tek med eit vell av opplysningar også om nyare dialektar. Elles var det teikn til at dialektologien og norrønfilologien var i ferd med å skiljast; dei spesialiserte seg i ulike retningar og vart etter kvart ulike disiplinar.

#### 6.1.1 Ålmenn lingvistikk

Junggrammatikken var det dominerande språkvitskaplege paradigmet fram til strukturalismen så smått breidde seg i mellomkrigstida. Og junggrammatikken heldt fram med å vera ein historisk disiplin, jamvel om han førte til større merksemd også om levande dialektar. Ingen har sagt det klårare enn Hermann Paul i

*Prinzipien der Sprachgeschichte* (1. utg. 1880, 5. utg. 1920), læreboka i språkvitskap for eit par generasjonar europeiske språkforskarar:

Es ist eingewendet, dass es noch eine andere wissenschaftliche Betrachtung der Sprache gäbe, als die geschichtliche. Ich muss das in Abrede stellen. [...] Sobald man über das blosse Konstatieren von Einzelheiten hinausgeht, sobald man versucht den Zusammenhang zu erfassen, die Erscheinungen zu begreifen, so betritt man auch den geschichtlichen Boden. (Paul 1995 [1920]: 20)

‘Det er innvendt at det også finst ein annan vitskapleg måte å sjå språket på enn den historiske. Det kan eg ikkje gå med på. [...] Så snart ein går ut over enkel fastsetjing av detaljar, så snart ein freistar å fatte samanhengen og gripe fenomena, så trør ein på historisk grunn.’

### 6.1.2 Dialektologi og namnegransking

Fleire av forskarane som er nemnde ovanfor (§§ 5.2–5.3), var aktive eit godt stykke ut på 1900-talet, og nye forskarar kom til. Ikkje minst styrkte det nye hovudfaget for studentar dialektologisk forskning, fordi mange studentar valde å skrive oppgåver om ulike dialektar, oftast heimemålet sitt (sjå § 6.2.1). Metoden var den som Storm og Larsen hadde grunnlagt, med grundige skildringar av lydutviklinga frå norrønt til den aktuelle dialekten, og gjerne noko om bøyingsmorfologien (Sandøy 2013: 82–84). Andre delar av språksystemet vart knapt drøfta. Det metodiske grunnlaget som vart lagt på 1800-talet, vart førande for korleis dialektologien i Noreg skulle bli lenge utover 1900-talet.

Namnegransking kan seiast å vera eit sysken av den språkhistorisk orienterte dialektologien, og etablerte seg som ein disiplin i Noreg mot slutten av 1800-talet. Under leiing av arkeologen og historikaren Oluf Rygh (1833–99) vart det arbeidd med å samle inn opplysningar om norske gardsnamn i samband med ein revisjon av matrikkelen (register over eigedom) i 1880-åra. Norrøne tekstar og bevarte rettsdokument vart saumfarne etter eldre skrivemåtar av gardsnamna, og nye uttaleopplysningar vart samla inn. Dette gav grunnlag for ein del justeringar i norsk retning av skrivemåten, som kunne ymse mykje i samtida. Rygh gav ut fleire avhandlingar basert på det innsamla materialet, og han byrja på det store prosjektet som vart *Norske Gaardnavne* (1899–1924). Der fekk kvart fylke eitt band, med alle herad og sokn i Noreg registrerte med historiske skrivemåtar, uttaleopplysningar og tolking av kvart einaste gardsnamn i landet.<sup>1</sup> Oluf Rygh sjølv døydde i fjerde band, og verket vart fullført av andre (blant andre broren

<sup>1</sup>Digitalisert og søkbar versjon: [https://www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](https://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html).

Karl Rygh, Magnus Olsen og dei tidlegare nemnde A. B. Larsen og Hjalmar Falk), medan Sophus Bugge er opphavsmann til mange av tolkingane, særleg dei som trekkjer inn anna indoeuropeisk språkstoff (men mange av dei er nokså fantasifulle og tvilsame).

### 6.1.3 Norrøn filologi

I norrøn filologi møtest historie, språkvitskap og litteraturvitskap, slik me har vore inne på ovanfor. I norsk samanheng vart det framleis gjeve ut tekstar, og det vart arbeidd med den historiske konteksten og kjeldeverdet til ulike tekstar. Tilhøvet mellom Noreg og Island har vore viktig for norske norrønfilologar, ofte slik at det var om og gjort å vise at tekstar og munnleg dikting hadde eit norsk opphav, jamvel om me i dag kanskje berre kjenner dei frå islandske handskrifter.

Mykje av det som vart gjort innanfor rammene av norrøn filologi i Noreg mot slutten av 1800-talet, var nok meir litterært og historisk enn språkleg. Unntaket er runeforskinga, der særleg Magnus Olsen (1878–1963), elev av Sophus Bugge og i mange år professor i norrøn filologi ved universitetet i Oslo, gav viktige bidrag, ikkje minst gjennom dei store utgåvene av norske runeinnskrifter. Olsen var også namnegranskar, alltid med blick for opphavet til namna i eldre språk og ikkje minst i mytologiske førestillingar.

Falk og Torp gav som nemnt ovanfor viktige bidrag til etymologien, men elles var det ikkje reint språkvitskaplege problemstillingar som dominerte norrønfilologien i Noreg ved inngangen til 1900-talet.

## 6.2 Morsmålsfaget på universitetet og i skulen

Som me har vore inne på ovanfor, var dei klassiske språka latin og gresk ein del av fagtilbodet ved universitetet i Oslo heilt frå det vart oppretta. Undervising i norrønt byrja i 1828 fordi historikarane trong det for å lesa kjeldene til norsk mellomalderhistorie. Seinare kom samanliknande språkvitskap inn, etter som dette vart den dominerande retninga innanfor språkvitskapen, før morsmålet omsider vart ein mogleg studiefag. Dette skjedde først rundt 1900, og me skal oppsummere utviklinga av morsmålsfaget både på universitetet og i skulen her. I stor grad reflekterer utviklinga den dominerande historiske interessa på 1800-talet.

### 6.2.1 Universitetet

Etter som universitetet voks, vart det fleire stillingar i språk enn ved oppstarten (§ 2.4). Sophus Bugge hadde fått eit professorat i jamførande språkvitskap «med forpligtelse til at foredrage oldnorsk»; det var særleg eddadikt og runeinnskrifter

Bugge førelas om (Holm-Olsen 1981: 112–124). I 1880 var det tale om å gjera Ivar Aasen til ekstraordinær professor i norsk folkespråk, men han ville ikkje, medan universitetet ikkje ville ha Hans Ross som professor (§ 5.3).

I 1886 fekk Moltke Moe (1859–1913), son av presten, diktaren og eventyr-samlaren Jørgen Moe, ei stilling i «norsk Folkesprog, med Forpligtelse til ogsaa at foredrage Folketradition» (Venås 1992: 155). Men det var folketradisjon og særleg folkediktinga han var mest interessert i, så folkespråket (dialektane) fekk ikkje all verdas merksemd. I 1898 vart det difor lyst ut eit nytt professorat i «landsmaal og dets dialekter». Denne saka er grundig greidd ut av Venås (1992: 154–162).

Det melde seg to søkjarar, som båe har vore nemnde ovanfor: Marius Hægstad og Amund B. Larsen. Larsen var ein framstående kjennar av dei norske dialektane med ei rekkje viktige publikasjonar bak seg, og hadde nyleg gjeve ut den første læreboka i norske dialektar (*Oversigt over de norske bygdemaal*, 1897). Hægstad hadde bakgrunn som lærar og politkar og hadde skrive lærebøker i landsmålet, men hadde knapt nokon vitskapleg produksjon. Fordi utlysinga spesifikt galdt landsmålet, fekk Hægstad likevel stillinga og vart i 1899 den første professoren med norsk språk som hovudfelt. Larsen fekk i staden statsstipend til å fortsetje granskingane sine av norske dialektar.

Etter ei omorganisering i 1871 vart dei frie faga (altså ikkje profesjonsutdanningar) delte i ulike fag, der det eine var «Modersmaal med oldnorsk» (Holm-Olsen 1981: 123). I 1905 vart dette avløyst av eit nytt system med to «bifag» og eit «hovudfag» som vart avslutta med ei sjølvstendig vitskapleg gransking, hovudfagsoppgåva. Dette systemet heldt seg i om lag hundre år til hovudfag vart erstatta av mastergrad. Studiet var tungt historisk, med stor vekt på norrønt språk og norrøn litteratur. Hovudfagsoppgåvene var naturleg nok prega av utdanninga studentane hadde fått. Mange tok opp historiske emne, ofte dialektar med vekt på utviklinga frå norrønt fram til dagens dialektar. Mange studentar skreiv om sin eigen dialekt, og slik fekk me ei rekkje detaljiskildringar av ulike talemål.

Rundt 1900 var det framleis ei sjeldsynt hending at nokon tok doktorgraden på eit språkleg emne. Den første i norsk var A. B. Larsen med ei avhandling om lydssystemet i solørmålet (1894), som med sitt klåre historiske perspektiv vart viktig for utviklinga av norsk dialektforskning. Clara Holst tok i 1902 doktorgraden på ei avhandling om lydssystemet i mellomlågtyisk, der ho undersøkte korleis lågtyske lånord vart skrivne i danske mellomaldertekstar. Med dette vart ho den første kvinna som tok doktorgrad – uansett fag – i Noreg.

## 6.2.2 Skulen

Den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa i morsmålet har naturlegvis alltid vore sentral i skulen, men når dette først var overstått, gjekk ein over til viktigare



ting. Gjennom 1800-talet var det ein løpande debatt om innhaldet i skulen, der somme ønskte større vekt på moderne språk (i motsetjing til latin og gresk, som var tradisjonelle fag i den høgre skulen) og ikkje minst realfag. Styrkinga av morsmålsfaget skjedde parallelt i skulen og på universitetet, ikkje minst for å utdanne dugande lærarar.

Universitetet utdanna lærarar til det som gjerne vart kalla den høgre skulen, som berre fanst i byane og skulle vera studieførebuande. Folkeskulelærarane hadde kortare kurs, gjerne kalla *seminar*. På desse lærarskulane kom norrønt og språkhistorie inn som valfritt emne i 1890, samstundes med landsmål. Etter at lokale skulestyre i 1892 fekk fullmakt til å avgjera om opplæringsmålet skulle vera dansk-norsk eller landsmål, vart det sterkare trong til utdanning i landsmålet. I 1902 vart både gamalnorsk og (skriftleg oppgåve på) landsmål obligatorisk for komande lærarar.

Litt seinare skjedde det same i gymnaset. I 1896 kom både norrønt («oldnorsk») og landsmål inn som emne i gymnaset, slik at elevane skulle lære å lesa båe delar. I 1907 kom den såkalla sidemålsstilen, altså at alle avgangselevar i gymnaset skulle skrive stil på både riksmål og landsmål. Den morsmålsundervisinga som kom inn i skulen, var sterkt prega av språk- og litteraturhistorie. Lesebøker for skulen frå siste del av 1800-talet skulle gje folket felles referansar og ei sams forståing av norsk historie. Det er til dømes sagt om P. A. Jensens *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* (1863) at ho var ein del av eit «folkeoppdragende og nasjonsbyggende prosjekt» (Skjelbred mfl. 2017: 84). Det var såleis mykje historisk stoff, inkludert sagalitteratur, til dels på norrønt. I enda større grad gjeld det *Læsebog for folkeskolen* av Nordahl Rolfsen, først utgjeve i 1892–95 og seinare i mange nye utgåver, visstnok med eit samla opplag på 8–9 millionar bøker. Sosiologen Gudmund Hernes har sagt at om «Harald Hårfagre samlet Norge til ett rike, var det Nordahl Rolfsen som smeltet oss sammen til et folk» (Skjelbred mfl. 2017: 130).

Også den språklege sida av morsmålsfaget hadde ei nasjonalhistorisk innretning, der det etter kvart (sjølv om dette vart viktigare utover 1900-talet) var veldig mykje norrønt, språkhistorie og dialektar. Denne situasjonen heldt seg fram til 1970-åra, men kan sjåast på som ein langsiktig konsekvens av det historiske 1800-talet.

### 6.3 Utgang

Utover 1900-talet utvikla språkvitskapen seg vidare. Nye perspektiv reiste nye spørsmål, og nye metodar gav ny innsikt i gamle spørsmål. Språkvitskapen på 1800-talet eit solid grunnlag for kunnskapen vår om den historiske utviklinga av norsk, men andre spørsmål var berre overflatisk undersøkte – eller ikkje i det

heile teke.

For å vende tilbake til spørsmålet om utviklinga av språkvitskapen, er det viktig å understreke at dei grunnleggjande spørsmåla og metodane frå 1800-talet framleis er med oss. Dei er overtekne og vidareutvikla gjennom åra, men framleis finst det språkhistorikarar som brukar historisk-komparativ metode for å seie noko om korleis norsk og andre språk har utvikla seg; regelmessige lydendingar («lydlover») er grunnlaget for å setje opp etymologiar og føre norske ord tilbake til germanske og indoeuropeiske røter (sjå t.d. ei moderne etymologisk ordbok som Bjorvand & Lindeman 2021).

Mykje av det gamle er såleis med oss. Men språkvitskapen i dag er også mykje meir, og tek opp spørsmål som rett og slett ikkje var interessante eller relevante for språkforskarane på 1800-talet. Dét er kanskje den viktigaste utviklinga.

# Litteraturliste

- Barnes, Michael. 2013. What is runology, and where does it stand today? *Futhark*, 4, 7–30.
- Berg, Ivar. 2014. Om normalisert norrønt. *Arkiv för nordisk filologi*, 129, 21–54.
- Berg, Ivar. 2016a. Ei boksamling frå reformasjonstida og norsk litterær kultur i seinmellomalderen. *Maal og Minne*, 2016(1), 1–34.
- Berg, Ivar. 2016b. The Making of the Scandinavian Languages. I Gijbert Rutten & Kristine Horner (red.), *Metalinguistic Perspectives on Germanic Languages. European Case Studies from Past to Present*, 35–55. Oxford: Peter Lang.
- Bergs, Alexander. 2012. The Uniformitarian Principle and the Risk of Anachronisms. I Juan Manuel Hernández-Campoy & Juan Camilo Conde-Silvestre (red.), *The Handbook of Historical Sociolinguistics*, 80–98. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman. 2021. *Våre arveord*. 3. utg. Oslo: Novus.
- Burke, Peter. 1998. *The European Renaissance. Centres and peripheries*. Oxford: Blackwell.
- Campbell, Lyle. 2006. Why Sir William Jones got it all wrong, or Jones' role in how to establish language families. *Anuario del Seminario de Filología Vasca*, XL(1-2), 245–264.
- Dalen, Arnold. 2006. Hans Olufsen Nysted som kjelde til kunnskap om bymålet i Trondheim på 1600-talet. I Jan Ragnar Hagland (red.), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.-15. oktober 2005*, Skrifter (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab) nr. 1 2006, 65–79. Trondheim: Tapir akademisk.
- Enger, Hans-Olav. 2011. Nordisk språkvitenskap. I Jon Gunnar Jørgensen & Lars S. Vikør (red.), *Nordiskfaget – tradisjon og fornying*, 21–36. Oslo: Novus.

- Fertig, David L. 2013. *Analogy and Morphological Change*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Hårstad, Stian, Terje Lohndal & Brit Mæhlum. 2017. *Innganger til språkvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Haugen, Odd Einar. 2011. Norrøn filologi i Noreg. I Jon Gunnar Jørgensen & Lars S. Vikør (red.), *Nordiskfaget – tradisjon og fornying*, 37–54. Oslo: Novus.
- Hertzberg, Frøydis & Even Hovdhaugen. 1980. Noen retninger i norsk språkvitenskap 1800–1850. *Maal og Minne*, 1980, 13–35.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1981. *Lys over norrøn kultur*. Oslo: Cappelen.
- Kjartan G. Ottósson. 1988. Den isländska språkhistoriens primärkällor och deras användning, eller Är historisk lingvistik möjlig utan filologi? I Jan Svensson (red.), *Nordistiken som vetenskap*, 120–155. Lund: Studentlitteratur.
- Kuhn, Thomas S. 2002 [1962]. *Vitenskapelige revolusjoners struktur*. Oslo: Spartacus. Omsett av Lars Holm-Hansen; 1. utg. på engelsk 1962.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change I: Internal Factors*. Oxford: Blackwell.
- Longum, Leif. 1989. “Norsk” som forsknings- og studiefag. Oslo: LNU/Cappelen.
- Morpurgo Davies, Anna. 1998. *Nineteenth-Century Linguistics*. History of Linguistics IV, ed. by Giulio Lepschy. London/New York: Longman.
- Munch, P.A. 1846. Sproghistorisk Undersøgelse om det ældste fælles-nordiske Sprogs Udseende. *Annaler for nordisk oldkyndighed (og historie)*, 6, 219–283.
- Nes, Oddvar. 1986. *Norsk dialektbibliografi*. Oslo: Novus.
- Noreen, Adolf. 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): Unter Berücksichtigung des Urnordischen*. Altnordische Grammatik I, 4. utg. Halle: Niemeyer. Eldre utgåver 1884, 1892 og 1903.
- Olsen, Magnus. 1911. Filologien. I *Det kongelige fredriks universitet 1811–1911. II*, 290–380. Kristiania: Aschehoug.
- Osthoff, Hermann & Karl Brugman. 1878. *Morphologische Untersuchungen auf dem Gebiete der indogermanischen Sprachen. Erster Theil*. Leipzig: S. Hirzel.
- Paul, Hermann. 1995 [1920]. *Prinzipien der Sprachgeschichte*. Tübingen: Niemeyer. Uforandra opptrykk av 5. utg.

- Rindal, Magnus. 1990. Framveksten av dei filologiske faga, særleg norrønfilologien, i Noreg. I Odd Einar Haugen & Einar Thomassen (red.), *Den filologiske vitenskap*, 209–226. Oslo: Solum.
- Robins, R.H. 1997. *A Short History of Linguistics*. 4. utg. London: Longman.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2013. Perspektiv på norsk talemålsforskning siste 100 åra. I Lennart Elmevik & Ernst Håkon Jahr (red.), *Talemålsforskning i Norden dei siste 100 åra*, 79–108. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs akademien för svensk folkkultur.
- Schleicher, August. 1861–62. *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen*. Weimar: Hermann Böhlau.
- Skjelbred, Dagrun, Norunn Askeland, Eva Maagerø & Bente Aamotsbakken. 2017. *Norsk lærebokhistorie. Allmueskolen – folkeskolen – grunnskolen 1739–2013*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Storm, Johan. 1884/1908. Norsk Lydskrift med Omrids af Fonetiken. *Norvegia*, 1, 19–179.
- Turner, James. 2014. *Philology: The Forgotten Origins of the Modern Humanities*. Princeton: Princeton University Press.
- Venås, Kjell. 1992. *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo: Novus.